


Handlingsplan 2022

USHT Vestland (Sogn og Fjordane)



Innhald

1.0 Innleiing	3
2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag	4
2.1 Målgruppe.....	4
2.2 Satsingsområder.....	4
2.2 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget	5
2.3 Finansiering	5
3.0 Organisering og samarbeid	6
3.1 Tilsette	6
3.2 Fag- og samarbeidsråd.....	7
3.2 Samarbeidspartar	8
4.0 Satsingsområde 2022.....	8
4.1 Oversikt over planlagde aktivitetar 2022	11

1.0 Innleiing

Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) er ei nasjonal satsing, og har vore eit av virkemidla for å realisere måla i sentrale nasjonale styringsdokument sidan 2011. Helsedirektoratet delfinansierer sentra og gir årlege føringar for USHT sin aktivitet. I perioden 2019 til 2024 er utviklingscentra ein del av det regionale støtteapparatet for Meld.St.15 Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre.

Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane), og er pådrivar for å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene i kommunane i Sogn og Fjordane-regionen. Arbeidet skal tilpasse seg lokale behov og variasjonar, bygge på eksisterande kunnskapsarbeid, ny kunnskap, forskning og nasjonale føringar.

Handlingsplan 2022 gir ei oversikt over prioriterte satsingsområde og planlagde aktivitetar for perioden. Samstundes fylgjer vi opp førespurnader og aktuelle problemstillingar fortløpande. Organisering og val av metodar/arbeidsmåtar er forankra i samfunnsoppdraget. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) legg stor vekt på å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar, ta utgangspunkt i den enkelte kommune/teneste sine behov og gjere lokale tilpassingar.

Kompetansen i USHT, forankring og støtte i vertskommunen og eit godt samarbeid med praksisfeltet, utdannings- og forskingsinstitusjonane er viktige føresetnad for å lykkast med pådrivarrolla i fag- og tenesteutvikling i kommunehelsetenesta.

Nasjonale innsatsområder for 2022:

- Kvalitetsreforma Leve heile livet
- Tryggleiksstandard i sjukeheim
- Demensplan 2025
- Pasienttryggleik og kvalitetsforbetring
- Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming
- Velferdsteknologi og digitale løysingar

Vår visjon - Utvikling gjennom kunnskap!

2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag

Det overordna samfunnsoppdraget gitt til USHT av Helsedirektoratet er å bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene gjennom fag- og kompetanseutvikling og spreiring av ny kunnskap, nye løysingar og nasjonale føringar.

USHT skal vere ein ressurs for kommunane i regionen og bidra til fag- og tenesteutvikling innanfor satsingsområda, fremje samarbeid og legge til rette for deltaking.

2.1 Målgruppe

Målgruppa til det enkelte utviklingssenter er leiarar og andre tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, først og fremst i sjukeheim og heimebaserte tenester. Utviklingssentra skal ha eit bredt fagleg perspektiv og inkludere tenester til alle pasient- og brukargrupper, som personar med somatiske og psykiske sjukdommar, rusavhengigheit eller utviklingshemming.

2.2 Satsingsområder

Utviklingssentra skal bidra til at dei kommunale helse- og omsorgstenestene fornyar og forbetrar seg innanfor følgande satsingsområder:

Utvikling i samarbeid med pasientar, brukarar og pårørande

Tenestetilbodet skal utviklast saman med pasientar, brukarar og pårørande. Det inneber at kommunane aktivt må innhente pasient/brukar og pårørande sine synspunkt når tilbodet til den enkelte blir utforma, og involvere dei i forbetningsarbeid på teneste- og systemnivå.

Fagleg omstilling i tenestene

Utvikle tenestene gjennom fagleg omstilling, kompetanseutvikling og implementering av nye arbeidsmetodar og organisasjonsformer.

Den nye heimebaserte tenesta

Nye brukargrupper med komplekse helsefaglege utfordringar og omfattande psykososiale behov krev utvikling av meir omfattande og avanserte heimebaserte tenester.

Fornyng og innovasjon

Gode tenester i framtida vil krevje at kommunen tek i bruk ny kunnskap og nye løysingar. Lokalt innovasjonsarbeid kan skje i samarbeid mellom kommunar, helseføretak, fagfolk, tenestemottakarar, kunnskaps- og forskingsmiljø, organisasjonar og/eller næringslivet.

2.2 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget

Utviklingsentra skal:

- Legge til rette for samarbeid og kunnskapsdeling mellom kommunane gjennom nettverk og arena for leiarar og tilsette
- Bidra til utvikling av kunnskapsbasert praksis
- Bidra til innovasjon og nye løysingar, og implementering av desse
- Tilby råd og rettleiing, metodar og verktøy i fagutviklings- og forbetringsarbeid
- Medverke og legge til rette for forskning som er praksisnær og relevant for kommunale helse- og omsorgstenester


2.3 Finansiering

Utviklingsentra blir finansiert gjennom årlege tilskot frå Helsedirektoratet. Tilskotsramma er gitt i Statsbudsjettet, og i 2022 kan kvart USHT søke om kr 2 745 254. Vertskommunen har krav om medfinansiering og i dag dekker Sunnfjord kommune eitt årsverk og kostnader til administrasjon/lokale m.v.

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) søker i tillegg ulike tilskotsmidlar til prosjekt/utviklingsarbeid frå Statsforvaltaren i Vestland, Helsedirektoratet og Bufdir, og har ekstern finansiering ved å delta i forskingssamarbeid.

3.0 Organisering og samarbeid

Utviklingssentra skal vere knytt til eit fagutviklingsmiljø i vertskommunen. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) er lagt direkte under kommunedirektøren i stabseininga Fagutvikling. Kommunalsjef for omsorg har det overordna leiaransvaret.



3.1 Tilsette

Namn	Stilling	Fagbakgrunn	Kontaktinformasjon
Marta Strandos	Leiar USHT	Sjukepleiar. Master i organisasjon og leiing.	Marta.Strandos@sunnfjord.kommune.no Tlf: 41 52 64 16
Annette Eri Norevik	Utviklingskoordinator	Psykiatrisk sjukepleiar. Master i avansert klinisk sjukepleie.	Annette.Eri.Norevik@sunnfjord.kommune.no Tlf: 47 36 71 11
Berit Ullebust	Utviklings- og kreftkoordinator	Kreftsjukepleiar. Master i kunnskapsbasert praksis	Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no Tlf: 94 82 42 54
Liselotte Norman	Utviklingskoordinator	Psykiatrisk sjukepleiar.	Liselotte.Norman@sunnfjord.kommune.no Tlf: 57 61 26 80
Toril Marie Terum	Utviklingskoordinator	Sjukepleiar. Phd	Toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no Tlf: 99 61 05 34
Anne Marte Sølsnes	Utviklingskoordinator	Fysioterapeut. Master i helse og sosialfag.	anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no Tlf: 97 12 14 21
John Eirik Anfinsen	Kommunikasjons- rådgjevar	Master i medievitenskap	John.eirik.anfinsen@sunnfjord.kommune.no Tlf: 40 01 93 87

3.2 Fag- og samarbeidsråd

Fag- og samarbeidsråd gir råd og støtte i tråd med samfunnsoppdrag og definerte innsatsområder. Det blir frå 2022 lagt opp til eitt møte i året i samband med arbeidet med rapportering og handlingsplan.

Organisasjon	Namn
Statsforvaltaren i Vestland	Anne Eli Wangen
Helse Førde	Kari Holvik Furevik
Høgskulen på Vestlandet (HVL)	Siri Ytrehus
Vestland Fylkeskommune	Siri Ingvaldsen
Senter for omsorgsforskning vest	Anne Marie Sandvoll
Brukarutvalet i Sogn og Fjordane	Kristoffer Skjolden
Norsk Sykepleierforbund, Sunnfjord	Christine Toft Figenskau
Delta	Torunn Solheim
Kommunalsjefnettverk Sogn	Anita Foss Midlang
Kommunalsjefnettverk HAFS	Christine Larsdotter Vaagen
Kommunalsjefnettverk Nordfjord/Sunnfjord	Heidi Vederhus
Kommunalsjef Sunnfjord kommune	Kirstin Bruland
USHT Vestland (Sogn og Fjordane)	Marta Strandos

3.2 Samarbeidspartar

USHT skal samarbeide med Helsedirektoratet, Statsforvaltaren i Vestland, Senter for omsorgsforskning vest og andre utviklingssenter.

Representasjonen i fag- og samarbeidsrådet avspeglar viktige samarbeidspartar lokalt. I tillegg samarbeider USHT Vestland (Sogn og Fjordane) med:

- KS Vest
- Interkommunal samhandlingskoordinator
- Vestlandsforskning / IT-forum Vest
- Nasjonal kompetansetjeneste Aldring og helse
- Kompetansesenter i lindrande behandling
- Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling (SESAM)
- Universitetet i Stavanger
- Helseforskning Sogn og Fjordane
- Regionalt samarbeid med utviklingssentra på Vestlandet
- Andre utviklingssenter

4.0 Satsingsområde 2022

Helsedirektoratet har peika ut seks satsingsområde for 2022 som dei ber utviklingssentra prioritere. Handlingsrommet ligg i den lokale tilpassinga og behova til kommunane i regionen. Etter ein kort omtale av kvart hovudområde, kjem ein oversikt (tabell) som viser våre planlagde aktivitetar for 2022.

Kvalitetsreforma Leve heile livet

I arbeidet med eldrereforma Leve heile livet er utviklingssentra ein del av det regionale støtteapparatet i Vestland i samarbeid med Statsforvaltaren og KS. USHT skal særskilt tilby kommunane råd og rettleiing i metodar og verktøy i fagutviklings-, forbetnings- og implementeringsarbeid. Leve heile livet er ein paraply for andre nasjonale satsingar, og det gjeld òg for vår aktivitet. Vi vil difor bidra til å synleggjere samanhengar og dra parallellar mellom ulike prosjekt/utviklingsarbeid. Kommunane sine behov er førande for våre aktivitetar.

Tryggleiksstandard i sjukeheim

Tryggleiksstandarden er eit leiarverktøy for kvalitetsutvikling i sjukeheim. Verktøyet er ein del av ressursportal.no. Spreiing og implementering skal sjåast i samanheng med Leve heile livet-reforma, og USHT skal ha ei rolle i dette. Planlegginga skjer i samarbeid Helsedirektoratet og Statsforvalteren i Trøndelag (ressursportal.no). Målet er å jobbe etter «train the trainer-prinsippet», der rettleingskompetansen skal utviklast og vidareførast internt i kommunane.

Demensplan 2025

Demensplan 2025 presenterer regjeringa sin femårsplan (2021–2025) for å fremje kvalitet i tenestetilbodet til personar med demens og deira pårørande. USHT skal bidra til at kommunane planlegg og gjennomfører sine tenester i tråd med mål, satsingsområde og tiltak i demensplanen. Personsentrert omsorg, heilskapleg tenestetilbod og kompetanse er prioriterte områder for USHT. Over ein to-årsperiode vil vi tilby kommunane læringsnettverk og prosessrettleiing for å støtte deira arbeid med å planlegge tenestene for å møte det aukande tal personar med demens, og etablere rutinar som sikrar systematisk oppfølging av familiar ramma av demenssjukdom. Dette skjer i tråd med «Nasjonale faglige retningslinje demens», «Veiviser Demens» og tiltak i Demensplan 2025. Vi har fått tildelt midlar frå Helsedirektoratet for å styrke dette arbeidet.

Pasienttryggleik og kvalitetsforbetring

USHT skal tilby kommunane råd og rettleiing i arbeidet med kompetanse og metodar som understøttar systematisk arbeid med pasienttryggleik og kvalitetsforbetring. Dette er i tråd med «Nasjonale handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring» og «Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgssektoren». Arbeidet blir sett i samanheng med initiativ knytt til Leve heile livet reforma. Vi vidarefører mange av aktivitetane/tilbod vi har hatt over fleire år. Læringsnettverket Gode pasientforløp held fram i samarbeid med KS/FHI. Tilbod om kompetanseheving i klinisk observasjonskompetanse blir prioritert i 2022 gjennom modellen KlinObsKommune. Vi har i samarbeid med ambulansetenesta i helseføretaket testa ut eit fagleg opplegg som skal spreiaast ut i USHT sitt nedslagsfelt. Føremålet er at pasientar i kommunal helse- og omsorgsteneste skal bli ivaretatt med rett kompetanse, til rett tid, av rett personell på rett sted når endring, forverring eller akutt sjukdom inntreffer. Innanfor lindrande behandling har USHT i samarbeid med ressursnettverket i lindrande behandling pilotert eit fagleg opplegg med vekt på grunnleggjande palliasjon og etisk refleksjon for tilsette i sjukeheim. Fokus er på lindrande behandling til sårbare eldre med kognitiv svikt og deira pårørande. USHT planlegg å tilby opplegget til fleire sjukeheimar og har for 2022 søkt tilskot gjennom «Kompetansehevende tiltak for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt».

Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming

I 2021 kom det ein ny nasjonal rettleiar «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming». USHT skal bidra til å gjere denne kjend og at den blir tatt i bruk i kommunane. Saman med USHT Vestland (Hordaland) har vi søkt tilskotsmidlar frå Bufdir og Helsedirektoratet til etablering av nettverket for fagpersonar som har eit overordna ansvar for fagutvikling i tenestene til personar med utviklingshemming. Fagnettverket skal gå over to år, og støtte tilsette i kommunane i arbeidet med å omsette rettleiaren frå ord til handling, bidra til erfaringsdeling og nettverksbygging på tvers av kommunane. I tillegg vil kompetanseheving via Mitt livs ABC bli prioritert. I samarbeid E-helse vil vi òg halde ein fagdag om velferdsteknologi retta mot personar med utviklingshemming, med fokus på å auke kompetansen i tenestene på dette området.

Velferdsteknologi og digitale løysingar

Å sikre bærekraftige tenester framover, krev nye arbeidsmetodar, breiddekompetanse, tverrfagleg teamarbeid, koordinering og bruk av velferdsteknologi. Det nasjonale velferdsteknologiprogrammet (NVP) har som mål å bidra til god helse og meistring i befolkninga og bærekraftige helsetenester i kommunane. Programmet blir vidareført ut 2024, og det vil vere behov for fagleg rettleiing regionalt og lokalt knytt til velferdsteknologi. Velferdsteknologi har vore eit prioritert område i USHT Vestland (Sogn og Fjordane) sidan 2014. Det held fram gjennom samarbeid med E-helse Vestland. Kommunane i vår region har god kjennskap til «Heilskapleg tenestemodell for velferdsteknologi» og dei ulike «Kvikk-guidane» som utarbeidd gjennom NVP. Det er likevel eit kontinuerleg arbeid å gjere desse kjend og ta dei i bruk i heile organisasjonen. Hovudoppfølging skjer gjennom E-helse Vestland. Vi viser til verktøya/modellane i vår kontakt med kommunane. Vi er i gang med å planlegge opplæringa i Velferdsteknologiens ABC saman med dei andre USHT-ane på Vestlandet og E-helse Vestland.

Dei planlagde aktivitetane innanfor kvart satsingsområde blir presentert i tabellen nedanfor.

5.0 Oversikt over planlagde aktivitetar 2022

LEVE HEILE LIVET			
Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Del av regionalt støtteapparat i Vestland	2019-2024	<p>Det regionale støtteapparatet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Aktiv deltakar i koordineringsgruppa og arbeidsgrupper - Bidra til rapportering og revidering av gjennomføringsplan 2022 - Dialog og erfaringsdeling med andre regionar - Utarbeider felles handlingsplan og årshjul, og følge opp planlagde aktivitetar - Nyhendebrev - Oppdatere oversikt over eksisterande nettverk i vår region <p>USHT sin eigen aktivitet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Våren 2022: Kommunebesøk der tema blir kommunane sine behov for prosessretteiing på fagområde som ligg inn under USHT, med eit særskilt fokus på demensarbeidet - Tilby rettleiing til kommunane ut frå deira behov. Nytte USHT sin metodekompetanse i møter/workshop og overfor enkeltkommunar ut frå etterspurnad/behov - Tilby opplæring innan metode (t.d. forbetningsmetodikk, etikkveiledarar) - Spreie informasjon og kunnskap om reforma på etablerte møteplassar, samt kva rolle støtteapparatet har - Spreie informasjon om tilskotsordningar, rettleie i søknadsprosessen og vere i dialog rundt mogeleg samarbeid med kommunane - Dialog/erfaringsdeling mellom USHT-ane nasjonalt og Helsedirektoratet 	<p>USHT (ansvarleg, samarbeidspart), Statsforvaltaren i Vestland, KS, Senter for omsorgsforskning, Eldreråda fylke/kommune m.fl. (utvida støtteapparat)</p>

Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Samarbeid med interkommunal samhandlingskoordinator	2018-	<p>Vidareføre det tette samarbeidet mellom USHT og samhandlingskoordinator i lokalt utviklingsarbeid. Overfor kommunane ynskjer vi i 2022 å ha særskilt fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar - Dra parallellar i samhandlingsprosjekt mellom spesialisthelsetenesta, kommunane og USHT sine satsingsområder - Samarbeide om læringsnettverket Gode pasientforløp - Helsefellesskap: Samhandlingskoordinator fungerer som bindeledd mellom USHT og Sogn og Fjordane Helsefellesskap - Innspel til program/evt innlegg på «Erfaringskonferanse for psykisk helse og rus tenester» og «Samhandlingskonferansen» 	USHT (samarbeidspart), KS, Sunnfjord kommune
TRYGGLEIKSSTANDARD I SJUKEHEIM			
Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Tryggleiksstandard i sjukeheim – eit leiarverktøy for kvalitetsutvikling	2022	<p>USHT skal gjere leiarverktøyet kjend, legge til rette for deling av kunnskap og erfaring, og gje prosessretteiing etter «train the trainer-prinsippet».</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppstartsmøte med Helsedirektoratet 22.mars 2022 - Gjere oss kjende med innhald, og sjå mogelege koplingar til eksisterande arbeid/aktivitet i USHT - Utarbeide ein plan for spreing og prosessretteiing. Invitere leiarar i sjukeheimar i planleggingsarbeidet - Parallellt informere om tryggleiksstandarden i møte med kommunane - Løfte det inn som tema i det regionale støtteapparatet til Leve heile livet, og samordne aktivitetar med vår felles gjennomføringsplan - Haust-22: Gjennomføre planlagde aktivitetar. Prosessretteiing 	USHT (ansvarleg), det regionale støtteapparatet i Leve heile livet (Vestland)

DEMENSPLAN 2025			
Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Systematisk oppfølging av personar ramma av demenssjukdom i Sogn og Fjordane	2022-2023	<p>Bidra til at kommunane etablere rutinar som sikrar systematisk oppfølging av familiar ramma av demenssjukdom.</p> <p>Auke kompetansen på utredning og fremje samarbeide mellom fastlegar og demens-/hukommelseteam i kommunane.</p> <p>Bidra til mangfald knytt til dagaktivitets- og avlastningstiltak.</p> <p>Læringsnettverk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunevise dialogmøte våren 2022 (forankring, rekruttering) - 3 – 4 samlingar haust-22/vår-23 - Prosessrettleiing <p>I læringsnettverket vil vi nytte Veiviser demens aktivt, og rettleie på fag- og metode.</p>	USHT (ansvarleg). Ressursgruppe: Luster kommune, Sunnfjord kommune, Helse Førde.
Demensvenleg samfunn	2019-	<p>Spreie kunnskap om demens i ulike utval, lag og organisasjonar, samt undervise på «Pårørandeskulen» og «Demensvennleg samfunn».</p> <p>Kartlegge interesse og behov knytt til brukarskule, og utarbeide forslag til korleis vi kan gjennomføre dette i Sogn og Fjordane.</p>	USHT (ansvarleg), HVL, Nasjonalforeningen for folkehelse/ lokale demensforeiningar
Implementering av personsentrert omsorg	2018-	<p>Personsentrert omsorg og kompetanse er prioriterte områder for USHT.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kurshaldarkurs TID i juni 2022. To frå USHT deltar - Tilby kommunar i Sogn og Fjordane kurs i VIPS praksismodell og TID, og vere ein støtte for ressurspersonane i implementeringsfasen - Spreie kunnskap om personsentrert omsorg til tilsette i helse- og omsorgstenestene i vårt nedslagsfelt (ABC-fagseminar) 	USHT (ansvarleg), Luster kommune, Sunnfjord kommune, Aldring og helse

KVALITETSFORBETRING OG PASIENTTRYGGLEIK			
Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg	2014-	<p>Samordne med satsingar og aktivitetar knytt til Leve heile livet, Demensplan 2025 og pasienttryggleik.</p> <p>Overordna tema 2022-2024 er observasjonskompetanse</p> <p>Arrangere to fagdagar i 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mars: Delir hos eldre - Oktober: Kva er viktig for deg? Om aldring og brukarinnvolvering i eldreomsorg <p>Møte i driftsgruppe og brukarutval.</p>	USHT (ansvarleg saman med Helse Førde/SESAM)
Klinisk observasjonskompetanse	2021-	<p>Tilby kompetanseheving etter modellen KlinObsKommune. Invitasjon er sendt til kommunane.</p> <p>Rettleie lokale ressurspersonar i implementering av verktøy og kompetanse på eigen arbeidsstad etter opplegget «<i>train the trainer</i>».</p> <p>Arrangere 4 samlingar for ressurspersonar i tre regionar (Sogn, Sunnfjord, Nordfjord).</p>	USHT (ansvarleg), Ambulansetenesta i Helse Førde.
Arbeid med kvalitetsutvikling i helse og omsorgstenestene - arena for erfaringsdeling	2022	<p>Tilbodet er starta opp etter initiativ frå tilsette med ansvar for fagutvikling i helse og omsorgssektoren. Denne gruppa har gjeve innspel og vore med i planlegginga, og det er forankra hos kommunalsjefar i helse og omsorg.</p> <p>Føremål:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Knytte kontaktar med andre i tilsvarande stillingar og dele erfaringar - Fagleg påfyll i form av korte innlegg og rettleiing på metode og verktøy i implementerings- og endringsarbeid - Informere om nasjonale føringar, tilskotsmidlar m.v. <p>Aktivitet 2022: To digitale halvdagssamlingar på våren og to til hausten.</p> <p>For å ytterlegare styrke kompetansen i forbetningsmetodikk til ressurspersonar i kommunane, vil USHT kartlegge interessa for øvrige kompetansehevande tiltak. Tiltaka vil vere inspirert av forbedringsagentutdanningen i Trygge hender 24/7, forankra på kommunalsjefsniva og utvikla i dialog med leiarar og ressurspersonane sjølve.</p>	USHT (ansvarleg)

Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
ABC opplæringsmodell	2020	<p>Fylgje opp underleverandøravtalar med Nasjonal kompetansetjeneste Aldring og helse.</p> <p>Planlagde seminar våren 2022: Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 1 x 3</p> <p>Planlagde seminar hausten 2021: Demensomsorgas ABC perm 2, fagseminar 1 Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 2 x3</p> <p>Arrangere årlege møte med kommunekontaktane.</p>	USHT (ansvarleg), Aldring og helse
Lindrane behandling	2021-	<p>Lindrane behandling til sårbare eldre i sjukeheim Eit fagleg opplegg med vekt på grunnleggjande palliasjon og etisk refleksjon er pilotert på ein sjukeheim. Målgruppa er sårbare eldre med kongnitiv svikt med behov for lindrande behandling. USHT vil tilby opplegget til andre kommunar og har søkt tilskotsmidlar for 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spreie informasjon til kommunane og invitere til oppstart - Samarbeide med lokale ressurspersonar i sjukeheimar - Arrangere tre samlingar for ressurspersonar i kommunane med fokus på rettleiing og etisk refleksjon 	USHT (ansvarleg), Nettverk for ressursjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Sogn og Fjordane KS, samarbeid om etikksatsing
	2022-	<p>Digital opplæringspakke for helsefagarbeidarar i lindrande behandling Spreiing av digital opplæringspakke for helsefagarbeidarar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samarbeid med Nettverk av ressursjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Sogn og Fjordane - Forankring hos leiarar i tenestene - Rettleie mentorar (ressursjukepleiarar) 	USHT (ansvarleg), Nettverket av ressursjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Sogn og Fjordane
Forskningsprosjekt: Knowlegde to action (K2A)	2022-2024	Forskningsprosjektet skal undersøke pasientoverføringar og bruk av akutt-tenester i sjukeheim: Kva overføringar kan ein unngå, og korleis? Og når ein ikkje kan eller bør unngå overføringar, korleis kan desse bli best mogeleg for pasientane? USHT skal samarbeide om arbeidspakke tre: Utvikle ein modell for bedre pasientoverføringar, prøve ut ein undervisningsmodul for tilsette på sjukeheim, og fasilitere samarbeidet i regionen.	USHT (samarbeidspart), Senter for omsorgsforskning vest (ansvarleg)

Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Etikk i kommunale helse- og omsorgstenester	2019-2024	<p>Samarbeid med KS si satsing på etisk kompetanseheving. Tett kopla til arbeidet i det regionale støtteapparatet for Leve heile livet. Følgjer opp kommunane gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Dialogmøta i Leve heile livet - Læringsnettverket Gode pasientforløp - Legge til rette for erfaringsdeling i etablerte nettverk/møtefora - Nytte etisk refleksjon som metode i utviklingsarbeid - Tilby opplæring av etikkveileदारar, rettleie og støtte i den enkelte kommune ut frå kommunane sine behov/etterspurnad 	USHT (samarbeidspart), KS
Gode pasientforløp – læringsnettverk	2020-2022	<p>Læringsnettverket Gode pasientforløp er i regi av KS og Folkehelseinstituttet (FHI). USHT er lokal medarrangør. 13 av 17 kommunar deltek, der ein kommune stiller med to team. Helse Førde deltek med 3 team.</p> <p>Aktivitetar 2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tett samarbeid med FHI og KS i planlegging, lokal tilpassing, gjennomføring og evaluering + Helse Førde - Møte med teamleiarane - Lokal samling 3.mai der USHT og Helse Førde er arrangør - Fjerde samling 31.aug-1.sept - USHT har ansvar for rettleiing av teama mellom samlingane, med oppfølging frå FHI/KS 	USHT (samarbeidspart), KS, FHI, Helse Førde
Polyfon	2017-	<p>USHT har fornya medlemskapet gjennom partssamarbeid med Helse Førde, Vestland fylkeskommune og Kinn Kommune.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Planlegge aktivitetar saman med partssamarbeidet - Delta på møter lokalt og regionalt - Involvere USHT-ane på Vestlandet. Knytte det til pågåande aktivitetar og arbeidet med Leve heile livet - Deltakar i «Nasjonalt nettverk for musikk og eldrehele» 	USHT (konsortiedeltakar), Helse Førde, Kinn kommune, Vestland fylkeskommune, UiB (Griegakademiet), USHT på Vestlandet

KVALITET I TENESTER TIL PERSONAR MED UTVIKLINGSHEMMING

Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Mitt livs ABC	2017-	<p>Fylgje opp underleverandøravtalar med Nasjonal kompetansetjeneste Aldring og helse innan Mitt Livs ABC.</p> <p>Vår 2022: ABC Musikkbasert miljøbehandling utviklingshemming Mitt livs ABC perm 1, fagseminar 1 x 2</p> <p>Haust 2022: Mitt livs perm 2, fagseminar 1 Mitt livs perm 1, fagseminar 2</p>	<p>USHT (ansvarleg), Aldring og helse, Vaksnehabiliteringa i Helse Førde</p>
Nettverk for fagtilsette i Vestland (CRPD-nettverk)	2022-2024	<p>I nettverket skal kommunane gjere seg kjend med og ta i bruk den nasjonale rettleiaren «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming». Vi tilbyr dette saman med USHT Vestland(Hordaland).</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere prosjektgruppe - Informasjonsmøte med kommunalsjefar og andre relevante fagpersonar - 2 lunsj til lunsj fagnettverssamlingar - 1 digital dagsamling i fagnettverket - Rettleiing mellom fagsamlingane - Søknad om tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet <p>Samarbeidspartar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nasjonalt kompetansemiljø om utviklingshemming (NAKU) - Norsk forbund for utviklingshemmede (NFU) - Statsforvalteren i Vestland - Kommunesektorens organisasjon (KS) - Senter for omsorgsforskning, Vest - Helse Bergen HF Habiliteringsavdelinga for vaksne (HAVO) - Høgskulen på Vestlandet (HVL) 	<p>Ansvarleg: USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Vestland (Hordaland)</p>

Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Samarbeid med KS: Læringsnettverk for tjenester til personer med utviklingshemming	2022-2023	<p>USHT vil ha ei observatørrolle inn i nettverket, delta på samlingane og gje innspel til fagleg innhald.</p> <p>Målgruppa er kommunedirektøren si leiargruppe, linjeleiarar og fagpersonar knytt til personale og økonomi.</p>	USHT-ane på Vestlandet (samarbeidspart), KS (ansvarleg)
Velferdsteknologi	2022	<p>Arrangere tre regionsvise fagdagar i Vestland med fokus på auka kompetanse om velferdsteknologi i tenestene til personar med utviklingshemming.</p> <p>Dette er eit samarbeid mellom dei tre USHT-ane i Vestland og prosjektet E-helse Vestland. Arbeidet vil bygge på rettleiarane « Gode helse og omsorgstenester for personar med utviklingshemming».</p>	Ansvarleg: USHT Vestland (Sogn og Fjordane), USHT Vestland (Hordaland), USHT HelseFonna, E-helse Vestland
Samarbeidsarena for fagmiljø i regionen	2020-	<p>USHT vil styrke eigen kompetanse gjennom samarbeid med aktuelle fagmiljø i regionen, og nytte samarbeidet inn mot våre aktivitetar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - To digitale møter i året 	USHT (ansvarleg), Vaksenhabiliteringa Helse Førde, Statsforvalten i Vestland, HVL, KS

VELFERDSTEKNOLOGI OG DIGITALE LØYSINGAR

Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Velferdsteknologiens ABC	2016-	<p>Innsikt i revidert undervisningsmateriale. Utarbeide opplegg i samarbeid med E-helse Vestland og USHT-ane på Vestlandet.</p> <p>Prioritere målgruppe, tilby oppstartsseminar og rettleiing.</p> <p>Ferdigstille filmar til bruk i undervisning/fagdagar/ABC-seminar.</p>	<p>USHT (ansvarleg) USHT-ane på Vestlandet, E-helse Vestland</p>
E-helse Vestland	2020 - 2025	<p>E-helse Vestland starta i 2020 som eit samarbeidsprosjekt mellom Velferdsteknologi i Sogn og Fjordane og Vestlandsprosjektet - saman om velferdsteknologi. Prosjektet er ein del av ein fleirårig plan der alle kommunane i Vestland fylke gradvis vert med. Sunnfjord kommune er prosjekteigar.</p> <p>USHT er med i prosjektleiinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Prosjektadministrering, arbeidsgruppe og prosjektgruppe - Særskilt fokus på kompetanseutvikling <p>Prosjekt og aktivitetar er avhengig av ekstern finansiering. Finansiering: Fornyingsmidlar frå Statsforvaltaren i Vestland, Nasjonalt velferdsteknologiprogram, tilskot frå Helsedirektoratet til opplæring og implementeringsstøtte for å styrke den digitale kompetanse</p>	<p>USHT (samarbeidspart), Sunnfjord kommune (prosjekteigar), kommunane i Vestland (33?), Helse Vest IKT, Helse Bergen, Helse Førde, Helse Fonna, Vestlandsforskning, IT-Frum Vest, HVL, USHT Vestland (Hordaland), USHT Helse Fonna, Alarmsentralen IKS</p>

Kompetanse- og kvalitetsutvikling i USHT			
Prosjekt/aktivitet	Tid	Tiltak 2022	Involverte
Kommunikasjon/ digitalisering	2021-	<p>Tilsett trainee innan «Strategisk kommunikasjon». Stillinga går over i eit engasjement til august 2023. Ressursen blir delt mellom USHT og E-helse Vestland.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Strukturert og målretta strategi for drift av nettside og sosiale medier - Fokus på engasjerande relevant innhald i åpne kanalar - Strategiske grep for å sikre at USHT sine tilbod, ressursar og kompetanse blir kjent i tenestene 	USHT (ansvarleg)
Vidareutvikle implementerings- og fasiliteringskompetansen i USHT	2016-	<p>Vidareføre arbeidet med å styrke eigen kompetanse. Arbeide systematisk med refleksjon over og evaluering av vår eiga rolle og praksis:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Interne arbeidsseminar 2 x 2dg/år - Faste teammøter/veke - Prioritere relevante konferansar - Kursleiarkurs i TID - Styrke kompetanse innan etisk refleksjon - Styrke rettleiingskompetanse, bl.a. gjennom prosessrettleiing i Leve heile livet (det regionale støtteapparatet) <p>Verktøykasse innan «Personsentrert praksisutvikling» (eng: Practice Development), til bruk i fasilitering av endringsprosesser i helse- og omsorgstenestene:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Planlegge og lede arbeidet med publisering på nettside - Ha kontakten med leverandør av løysinga til nettsida - Lage struktur og publisere på nettside - Samarbeide med og rapportere til redaktørgruppa - Sikre utprøving/testing før lansering <p>Målgruppa er interne og eksterne fasilikatorar, som leiarar, fagutviklarar og prosjektleiarar, og studentar i gjennomføring av fou-prosjekt.</p> <p>Vidare arbeid med plan for spreing, utprøving, utvikle kurs/opplæring, samarbeid med masterstudentar og mogelege phd-kandidatar.</p>	<p>USHT (ansvarleg)</p> <p>USHT (ansvarleg), Senter for omsorgsforskning vest, USHT Helse Fonna, HVL</p>



[USHT Vestland, Sogn og Fjordane | Facebook](#)

usht@sunnfjord.kommune.no

Marta Strandos (leiar), tlf 41 52 64 16

[Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester \(ushtsognogfjordane.no\)](http://ushtsognogfjordane.no)